

Høyringssvar - "Veivalg for fremtidig kirkeordning" – Bø sokneråd

Bø sokneråd har i sitt høyringssvar lagt til grunn følgjande overordna synspunkt:

- Soknet skal vere kyrkjas grunnleggjande eining, og bør i det vidare bli styrka.
- Kyrkja må få enklare og meir effektive strukturar, med fokus på betre ressursutnytting og styrking av lokal styring.
- Det må bli ein og same arbeidsgivarline for alle tilsette i kyrkja.

Spørsmål med svar og kommentarar

1. *Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonale nivå? I så fall hvilke og hvorfor?*

Svar: Ja. Bø sokneråd seier seg samd med mindretallet i Kirkerådet som meiner at oppgåver og fordeling av mynde mellom dei ulike nivå bør justerast slik at den lokale kyrkja blir styrka slik det kjem fram i punkt B.

2. *Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?*

Svar: Ja. Bø sokneråd seier seg samd i Kirkerådets vurdering i at en fortsatt finansiering av kyrkja over kommunale og statlege budsjett er den beste til å sikre ei brei folkekirkje med ein kyrkjeleg nærliek i alle lokalsamfunn. Med ei vidareføring av dagens modell for finansiering frå kommunen vil lokalpolitikarar kjenne eigarskap til og ansvar for lokalkyrkja si drift. Kyrkjas rolle i lokalsamfunnet som kulturberar er eit viktig argument for at samfunnet gjennom kommuneøkonomien fortsatt bør finansiere lokalkyrkja. Andre modellar for finansiering vil etter vårt syn på sikt føre til at kyrkja får problem med å forsvare plassen som ei brei folkekirkje.

3. *Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kyrkje faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.*

Svar: Som alternativ finansiering meiner Bø sokneråd at ein livssynsavgift er den beste løysinga. Bø sokneråd meiner at om det skal skje endringar i finansieringa er det avgjerande viktig å sjå på kva oppgåver kyrkja skal løyse. Oppgåver som eventuelt skal løysast for samfunnet kan ikkje bli finansiert gjennom livssynsavgift, ei heller medlemsavgift. Dette gjeld oppgåver som gravferdsforvaltning, bevaring av freda bygningar osb.

4. *Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?*

Svar: Bø sokneråd meiner at ein ved å opprette eit prostiråd om kyrkjeleg eining på mellomnivå, kan flytte dei fleste oppgåvene som bispedømmerådet har i dag nærmere soknet. Om ein da samtidig

fordeler fellesrådets oppgåver til det nye prostirådet og til soknet, kan ein få ein meir rasjonell oppgåvefordeling samtidig som ein styrker soknets posisjon og lokalt styre. Kyrkjas sentrale organ (Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet) må i ein slik modell overta nokre få av noverande bispedømmes oppgåver, men det bør i all hovudsak vere støttefunksjonar for prostia og heilt spesielle fagområder som ikkje dei lokale einingane sjølve kan forvalte.

5. *Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?*

Svar: Som nemnt meiner soknerådet at soknet skal vere den grunnleggjande eininga i kyrkja, og at den i ein ny kyrkjeordning må styrkast. Samtidig veit vi at det mange plassar er så små sokn at dei blir veldig sårbare. Ein bør i arbeidet vidare kunne sjå på soknestorleiken og soknegrensene, men ein må ha fokus på ein heilskapleg vurdering der mellom anna geografi, tradisjon og foketal tel med. For at soknet skal fungere godt bør kvart sokn ha eit fungerande sokneråd og ein stab. Talet på kyrkjer bør ikkje vere avgjerande for korleis ein deler inn sokna.

6. *Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?*

Svar: Bø sokneråd meiner at ordninga med to organ for soknet bør vidareførast og at soknerådet fortsatt skal ha ansvar for verksemda i soknet.

7. *Hvis ordningen skal videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, for eksempel prostinivå eller bispedømmenivå)?*

Svar: Bø sokneråd foreslår at fellesorganet for sokna blir prostiet. Dette bør i den nye kyrkjeordninga vere mellomnivået mellom soknet og Kyrkjerådet. I ei slik ordning må ein sjå på storleiken på prostia, og ein kan tenkje seg at dei i hovudsak bør fylge kommunestrukturen når kommunereforma blir gjennomført. Dersom kommunestorleiken nokre plassar etter kommunereforma fortsatt blir veldig små, slik at det blir fleire kommunar i eit prosti, kan ein oppretthalde eit kyrkjeleg fellesråd innanfor kvar av kommunane i prostiet. Tilsettingar bør også her gå føre seg på prostinivå, men økonomi og oppfylging av dei tilsette kan ligge i soknas fellesråd. For å unngå dette fellesrådsnivået kan ein tenkje seg at ein i desse tilfella i staden lar prostirådet vere eit kyrkjeleg interkommunalt samarbeid.

8. *Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavfordelinga n mellom menighetsråd og fellesråd?*

Svar: Når det gjeld oppgåvefordelinga mellom dei kyrkjelege einingane er det viktig at ein fortsatt har fokus på soknet som grunnleggjande eining. Det er i soknet og i kyrkjelyden dei viktigaste oppgåvene skal løysas. Eit prostiråd skal levele nødvendige støttefunksjonar for sokna, og prost og biskop skal føre tilsyn med arbeidet i sokna.

9. *Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvar til soknets organer?*

Svar: Bø sokneråd er samde med Kirkerådets flertall som meiner at all verksemd i soknet bør bli inkludert i styrings- og leiingsansvaret for soknets organ. Det bør etablerast ordningar for dagleg leiing som også inkluderer prestetenesta.

10. *Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?*

Svar: Bø sokneråd er samde med Kirkerådets mindretal som meiner at dersom prestetenesta blir inkludert i soknets verksemd bør andre enn presten bli gitt rolla som leiar/ dagleg leiar i ei framtidig kyrkjeordning.

11. *Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?*

Svar: Bø sokneråd er samde med mindretallet i kyrkjerådet som meiner at biskopen ikkje bør utøve arbeidsgivarfunksjonar ovanfor prestane. Biskopen kan slik ha si fulle merksemd på tilsynsfunksjonen. Biskopen må få ei verktøy som gjer han eller ho i stand til å utøve dette på ein god måte. Kommunane er vant med å ha tilsyn, og det er mange gode eksempel på at ein kan ha stor innflytelse utan arbeidsgivaransvar.

12. *Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kune ivareta tilsynet på en god måte?*

Svar: Biskopen bør ha ein sentral rolle i samband med tilsetting av prestar og vigsla medarbeidarar. Ordinasjon av prestar og eventuell oppheving vil vere sentralt. Biskopen bør få ansvar for å kvalitetssikre dei vigsla si teneste og ha tilsyn med andre medarbeidarar og med kyrkjelydane. Biskopen bør fortsatt ha godkjenningsansvar i samband med planar for diakoni, kyrkjemusikk, trusopplæring og gudstenesteliv.

13. *Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?*

Svar: Bø sokneråd meiner at biskoper bør bli tilsett etter søknad, og at stillinga som biskop bør vere på åremål.

14. *Bø bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?*

Svar: Nei. Med ein modell der prostiet bli den kyrklelege eininga på mellomnivå treng ein ikkje lenger bispedømmerådet som organ.

15. *Hvilke oppgaver bør i så fall legges på bispedømmenivå?*

Svar: Ingen

16. Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør i så fall dette være?

Svar: Bø sokneråd går inn for at arbeidsgivaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette som arbeider i soknet blir lagt til fellesrådsnivå. Det er viktig at det blir etablert berekraftig storleik på fellesrådsområda (helst eit prostinvå) og at biskopens innflytelse over prestetensta sikrast i tilstrekkeleg grad.

17. I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ)

Svar: Alle arbeidsgiverfunksjonene bør bli lagt på fellesråds-/ prostinvå.

18. I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvar?

Svar: Det bør ikkje vere lokale eller regionale forskjeller i korleis arbeidsgivaransvaret blir organisert.

19. Hvordan bør man på best måte ivareta særpreget til prestetjeneste og andre vigslende tjenester?

Svar: Det bør bli ivaretatt gjennom prostane, som bør vere fagleg ansvarleg for alle vigsla tilsette i prostiet.

20. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar: Kyrkjemøtet bør ha den same rollen som i dag, men bør få større framdriftsevne. Kyrkjemøtet må ta inn over seg ansvaret det har som øvste organ i Den norske kyrkja. Dette vil seie profesjonalitet og tydeleghet, ikkje bare overfor kyrkja isolert sett, men også overfor samfunnet.

21. Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar: Kyrkjemøtet bør bli satt saman av representantar frå prostia. Biskopane bør ha fast plass i Kirkemøtet.

22. Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar: Bispemøtet bør vere kyrkjas ansikt utad, og bør vere eit samlande organ som ovanfor Kyrkjemøtet peikar ut retninga for vegen vidare i læresaker.

23. Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelsen av biskopene?

Svar: Biskopane bør ha ein tydeleg og samlande vald leiar. Det gjeld alle biskopar, og særleg øvste leiar (preses) at vedkommande må finne seg i å spele ei rolle i samfunnet, ikkje bare i kyrkja.

24. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar: Kirkerådets funksjon og samansetning bør i det vidare vere omtrent som i dag.

25. Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar: Bø sokneråd er samd med fleirtalet i Kyrkjerådet og meiner at oppgåvene som i dag er lagt til Den norske kyrkjas lærenemnd for framtida bør bli ivaretatt av Bispmøtet.

26. Har høringsinstansen synpunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ibaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Nei.

27. Har høringsinstansen synpunkt på hvordan ungdomsdemokratiet Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Ungdomsdemokratiet bør fortsatt bli løfta fram og vidareutviklast.